

## **Høringssvar - NOU 2014: 14 Fagskolen – et spennende utdanningsvalg - Telemark fylkeskommune**

Høringssvar og kommentarar til dei føreslåtte tiltaka - Telemark fylkeskommune er sendt Kunnskapsdepartementet som fylkeskommunens høringssvar, med atterhald om godkjenning. Viss det blir endringar, vil vi underrette Kunnskapsdepartementet om dette.

### **1. Akkreditering**

*Staten bør gi akkrediterte fagskoler myndighet til å fastsette nærmere bestemmelser om opptaksgrunnlag, herunder krav til generell studiekompetanse eller fag-/svennebrev i tillegg til realkompetansevurderinger. Fagskoler med godkjente utdanningstilbud bør forholde seg til gjeldende opptaksregler. Staten bør gjennomføre lov- og regelverksendringer med sikte på å innføre institusjonsakkreditering etter bestemte kriterier for fagskolene. En slik godkjenning skal være en forutsetning for å kunne kalle seg akkreditert fagskole. Akkrediterte fagskoler kan selv opprette utdanninger innenfor de økonomiske rammene myndighetene setter.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Forslaga støttast. NOKUT bidrar i dag til kvalitet i fagskuletilbuda. Samtidig gjør krav til søknader og saksbehandlingstid at det blir brukt mykje ressursar i fagskulane, og det tar for lang tid i NOKUT før godkjenning av tilbod, sett i forhold til at fagskulane skal være dynamiske og svare på behov som oppstår i arbeidslivet. Dagens ordning med godkjenning som tilbyder gir for lite handlingsrom for den enkelte skole, da godkjenning bare gjeld innafør eit smalt fagfelt, og ikkje for skulen som institusjon (akkreditering). At fagskular med god kvalitet kan bli akkreditert og sjølv få ansvar for fagtilbod, slik tilfellet er ved statens eigen fagskule, Veia, vil være positivt. Å bestemme opptaksgrunnlag vil være en forlenging av dette.

### **2. Studentenes rettigheter**

*Staten bør foreta en gjennomgang av fagskoleloven og studentsamskipnadsloven for å styrke studentenes rettigheter, blant anna vurdere å innføre rett og plikt til medlemskap for fagskoler i studentsamskipnader.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Forslaget støttes. Fagskolen er utdanning på tertiærnivå, etter vidaregåande opplæring, og studentar bør få rettigheter slik høgskulestudentar har.

### **3. Rådgjeving**

*Staten bør sørge for at rådgivningstjenesten i grunnskolen og vidaregåande opplæring og de regionale karrieresentrene styrker sin kompetanse på fagskoleutdanning for å bidra til synlighet og rekruttering til fagskolen.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Forslaget støttes. Kjennskap til fagskulesektoren er ofte dårleg og mangelfull innafør rådgjevingstenesta. Styrking må skje i samarbeid mellom skuleeigarar, eventuelt gjennom dei nasjonale organa som Staten har oppretta (Nasjonalt fagskoleråd og Nasjonal enhet for karriereveiledning, begge med sekretariat i Vox), der fylkeskommunale fagskulerepresentantar / fylkeskommunane deltar.

### **4. Poeng, vitnemål og grad**

*Staten bør innføre tilleggs poeng for minimum ett års fagskoleutdanning. Staten bør ta initiativ til endringer i fagskoleloven slik at fagskolen utsteder vitnemål om fullført utdanning. Staten bør vurdere endringer i lov og forskrift for å beskytte grader for fagskolekandidatene, herunder vurdere om to års fagskoleutdanning skal gi graden fagskolekandidat.*

Fylkesrådmannens kommentar:

For å få et kompetansenivå som samfunnet trenger og den enkelte ønsker, bør det arbeidast for «saumlause» overgangar i opplæringssektoren. Fagskulane bør da få innføre studiepoeng, på linje med annen tertiærutdanning. Alternativt må utvalet sitt forslag om tilleggs poeng vere eit minimumskrav. Forslaget om endring i fagskoleloven, slik at fullført utdanning medfører vitnemål, støttast. Forslaget om beskytta grad støttast. Men forslaget om kandidat-omgrepet kan gi uttrykk for at man ikkje er ferdig utdanna. Fleire fagskoler nyttar tittelen fagskuleingeniør for toårig teknisk fagskole, mens dei eittårig helsefagutdanningane ikkje har felles tittel.

Det bør også vurderast å utvide fagskolelovens maksimumstid frå to til tre år, jf. § 1 andre ledd. Argumenter som kan settast fram for ei slik endring er:

- Krava i arbeidslivet er stigande. Studentane skal kunne få med seg naudsynte sertifiseringar.
- Fagskulane bør settast betre i stand til å utdane yrkesfaglærarar, og da bør utdanninga vere treårig.
- Det same gjeld med tanke på utvikling av ein yrkesfagleg høgare utdanning på Bachelor-nivå.

## **5. Finansiering**

*Staten bør samordne all finansiering av fagskoler under én finansieringsordning for fagskoler som gjøres til et statlig ansvar under Kunnskapsdepartementet. Staten bør sørge for at en ny finansieringsordning for fagskoler bygger på prinsippet om reell kostnadsdekning for fagskoleutdanning, og foreta en grundig kartlegging av kostnadene knyttet til drift og utvikling av forskjellige typer fagskoleutdanninger. Staten bør innføre en finansieringsordning i tråd med utvalgets «Kandidat-studentmodell med utviklingsmidler». Systemet bør bestå av tre hovedelementer: grunnbevilgning, resultatbasert bevilgning og utviklingsmidler. Systemet bør baseres på differensierte kategorier med tilhørende satser. Staten bør tilføre fagskolesektoren nye friske midler, gjennom en finansieringsordning som gir reell kostnadsdekning, og med friske utviklingsmidler som bør utgjøre om lag 15–20 prosent av budsjetttrammen. Staten bør sørge for at fagskolene har tilstrekkelige rammebetingelser til å kunne tilby fleksible utdanningstilbud, herunder nettbasert utdanning.*

*Staten bør innføre en egen programkategori for fagskoler i statsbudsjettet.*

*Staten bør bevilge midler til samarbeidsprosjekter for utvikling av overgangsordninger mellom fagskoler og UH-institusjoner. Staten bør bevilge midler til å styrke kunnskapsgrunnlaget om fagskolen gjennom økt forskningsinnsats.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Forslaga støttast. Tilstrekkelige rammetilhøve er avgjerande for drift og vidareutvikling av fagskulen. Samla finansiering til fagskulesektoren er langt under faktisk behov. Realøkonomisk er tilskottet per student innafor tekniske- og maritime fag vesentlig redusert dei siste 8-10 åra, tilskott til fagskular innafor helse- og oppvekst er underfinansiert, samt at det er manglande statleg finansiering av private tilbydarar. Erfaring frå Telemark fylkeskommune er at det er behov for betydelege fylkeskommunale midlar for å kunne utvikle og setje i gang nye tilbod ved fagskulane - jf. at fagskulane skal vere dynamiske og svare på skiftande behov som oppstår i arbeidslivet. Skal nettstøtta tilbod gi god opplæring, viser erfaringar at det trengst god oppfølging og noen fysiske samlingar, og dermed budsjettmidlar.

Det er naudsynt å få til utvikling og utbygging av fagskuletilbod innafor ein rekke område, i tillegg til tekniske og maritime område bl.a. innafor landbruk/skogbruk, transport/logistikk, reiseliv, helse og oppvekst. Innafor helsesektoren åleine har behovet vakse betydeleg som ein konsekvens av Samhandlingsreforma, som er i ferd med å fasast inn.

Innføring av eigen programkategori for fagskoler i statsbudsjettet vil synleggjøre fagskolen betre. Fylkesrådmannen støttar og forslaga om løyving av midlar til samarbeidsprosjekt for utvikling av overgangsordning til UH-institusjonar (i tråd med «Prosjekt Yrkeshøyskolen Øst» med bachelor-utdanning som fagskular og fylkeskommunar på Østlandet har satt i gang), samt midlar til auka forskingsinnsats.

## **6. Eierskap**

*Staten bør igangsette en prosess med det formål å overføre eierskapet av de offentlige fagskolene fra fylkeskommunene til staten. Fagskolene bør organiseres som statlige forvaltningsorganer med særskilte fullmakter.*

*Staten bør dimensjonere antall studieplasser i sektoren gjennom etablering av en opptakssramme og tildeling av studieplasser på bakgrunn av dokumenterte kompetansebehov og innspill fra Nasjonalt fagskoleråd og de nasjonale fagrådene. Dimensjoneringen bør defineres som et styringsvirkemiddel for staten.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Fagskuletilbod byggjer i stor grad på fag- og yrkesopplæring og bør ses i samanheng med samarbeid som eksisterer lokalt og regionalt mellom næringsliv, fagskole, vidaregåande opplæring og fylkeskommune. Fagskulestudentar har høgare gjennomsnittsalder enn andre studentar, og mange er vel etablert i arbeidslivet. Mange er og etablert med familie, og mobiliteten er derfor mindre. Dette er og eit argument for at mange fagskuletilbod bør finnast lokalt eller regionalt.

Næringsutvikling og regional utvikling fordrar også at ansvaret for fagskuleområdet er geografisk spreidd og forankra rundt i landet. Fagskulane bør få auka moglegheiter til å være dynamiske for å kunne møte endringar i arbeidslivet. Dette fordrar nærleik til studentar og til arbeidsgjevarar. Ein viktig del av fagskulane si verksemd er oppdragsundervisning. På det området er regionalt og lokalt nettverk og forankring heilt avgjerande.

*Telemark fylkeskommune vil åtvare mot endringar i eigarskapet for offentlege fagskular nå. Dette bør underkastast ein heilskapleg vurdering i lys av kommune- og regionreforma, som har desentralisering av myndighet som eit av sine hovudføremål.*

## **7. Reduksjon av antall fagskoler**

*Staten bør igangsette en prosess som skal lede til å redusere antallet fagskoler for å skape robuste fagmiljøer og styrke kvaliteten. Tallet på offentlige fagskoler bør anslagsvis reduseres til mellom fem og ni.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Forslaget støttast med eit visst atterhald. Ein slik prosess må ikkje resultere i at Fagskulens særskilte identitet blir borte, at moglegheitene til å dekke lokalt og regionalt arbeidsliv sine kompetansebehov blir redusert, og at ein misser lokal forankring undervegs. Vidare er det særskilt viktig at fagskulane kan halde fast på den pedagogiske metodikken som særmerker skuleslaget. Av desse grunnar er utfordringane større når det gjeld strukturen i den framtidige fagskulesektoren enn til dømes i UH-sektoren. Fylkesrådmannen meiner at utprøving av «Yrkeshøyskolen Øst» kan være eit prosjekt med potensiale i seg til å prøve ut nye vegar å gå. Ein

prosess kor samanslåing er målet må nøye vurdere metode og stimuli, da ansvaret for slike avgjerder ligg til styret og eigarane.

Telemark fylkeskommune meiner elles at nasjonal opptaksforskrift bør vente til fagskulene er organisert i meir robuste einingar, og dessutan at dersom felles inntak for alle fagskular, - også dei private, skal innførast, må det synleggjerast at dette vil fungere betre enn dagens ordning.

### **8. Styresammensetting og krav til kvalitet**

*Staten bør stille nasjonale og lovfesta krav til at alle offentlige fagskoler skal ha flertall av eksternt representasjon i styrene og eksternt styreleder. Staten bør stille krav til at alle fagskoler har et tilfredsstillende kvalitetssystem, og gi NOKUT som oppgave å godkjenne at fagskolenes kvalitetssystemer tilfredsstiller kravene samt sjekke at systemene blir brukt.*

Fylkesrådmannens kommentar:

Styresamansetning må være opp til skuleeiger, fylkestinget, å bestemme. Andre forslag; tilsetting, tilsette og studentar i styret, kvalitetssystem er allereie varetatt i dagens fagskulelov.